



Arkoconsult

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Att. Pål Kjetil Tufta

Svar på spørsmål - Alver - 464/41 m fl - Snekkevika - Detaljregulering

Vi viser til epost av 15.10.2020, med spørsmål om det må søkast om dispensasjon frå verneforskrifta før ein startar planprosess, eller om ein kan avklare forholda mot forskrifta gjennom høyringar i planprosessen, og at dette vert innarbeidd som krav i føresegnene til planen.

Det er ikkje naudsynt å søke om dispensasjon frå verneforskrifta før ein startar planprosessen. Naturmangfaldlova § 48 tredje ledd regulerer dette temaet:

«Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke»

Bakgrunnen for denne regelen er at ein ikkje ønsker at det skal gjerast eit omfattande arbeid etter anna lovverk, om det ikkje er grunnlag for å gje dispensasjon frå verneforskrifta jf. Ot.prp.nr 58 (2008-2009).

Om planområdet ligg i eller tett ved det marine verneområdet må ein i planprosessen vurdere om verneføremålet vert påverka. [Verneforskrifta](#) for Lurefjorden og Lindåasosane må vurderast og takast omsyn til i planprosessen. Det må også avklarast om det er naudsynt med dispensasjon frå verneforskrifta. Fylkesmannen viser til informasjon om [marint vern](#) på heimesidene våre. Det kan ikkje planleggast i strid med verneforskrifta, så om det er naudsynt med ei dispensasjon frå forskrifta, må dette vere avklart før planen kan vedtakast.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Alver kommune Postboks 4 5906 FREKHAUG